

Samfunnsdelen
til
kommuneplanen

Nord-Aurdal kommune 2011-2023

Vedteken av kommunestyret i sak 084/10, 16.12.10

INNHALDSLISTE

1.0 INNLEIING	3
2.0 RAMMER OG OVERORDNA PREMISSAR FOR PLANARBEIDET	3
3.0 UTFORDRINGAR.....	4
4.0 VERDIGRUNNLAG	6
5.0 SATSINGSOMRÅDE OG HOVUDTEMA	7
5.1 Oppvekstvilkåra til barn og unge	7
5.2 Folkehelsearbeid, helse- og omsorgstenester	10
5.3 Kulturtilbod	13
5.4 Næringsutvikling	14
5.5 Infrastruktur.....	17
5.6 Aktiv rekruttering	18
5.7 Natur og miljø, arealforvaltning.....	19
5.8 Ein Valdreskommune	22
6.0 FORSLAG TIL STRATEGIAR.....	24
7.0 PRIORITERING AV OPPGÅVER FOR PLANPERIODEN	25
8.0 EVALUERING AV MEDVERKNADSPROSESSAR	27

1.0 INNLEIING

Gjeldande samfunnsdel for 2002-2011 vart godkjent av kommunestyret 04.02.02, sak K2/2002. Verdigrunlaget i planen byggjer på at kommunen utifrå nærings- og ressursgrunlaget tek sikte på å bli den fremste kultur-, helse- og utdanningskommunen i Oppland og derfor vil prioritera tiltak som går på å styrka kulturlivet, helsetilbodet og utdanningsinstitusjonane i kommunen.

Samfunnsdelen dreg opp visjonar og mål for kommunen både som samfunn, som styresmakt og tenesteytar i planperioden. Planen er ikkje juridisk bindande. Den langsiktige generelle delen av kommuneplanen er ein samordna plan for den kommunale verksemda og skal innehalda mål for utviklinga i kommunen som samfunn og organisasjon. Planen skal ha retningslinjer for korleis kommunen som organisasjon skal arbeida for å nå dei måla me har sett oss. Planen må skissera strategiar og leggja grunnlag for viktige prioriteringar og bruk av verkemiddel. Kommuneplanlegginga skal byggja på dei føresetnadene kommunen har når det gjeld økonomi og andre ressursar.

Kommunen står framom store utfordringar i tiåra som kjem både økonomisk og demografisk. Folkesamansetjinga vil endra seg med færre i yrkesaktiv alder og fleire pensjonistar. Barn og unge må sikrast gode og trygge oppvekstvilkår. Kommunen må vera ein aktiv støttespelar m.o.t. næringsutvikling samtidig som ein må forvalta det fellesgodet som naturen er på ein best muleg måte for alle.

2.0 RAMMER OG OVERORDNA PREMISSAR FOR PLANARBEIDET

Alle opplysningar kring nasjonale, regionale og kommunale mål og retningslinjer, demografi, status for dei ulike virksomheitene i kommunen, mulegheiter og utfordringar m.m. er samla i den kommunale planstrategien. Denne blir utarbeidd og godkjent samtidig med samfunnsdelen for 2011-2023 for så å heretter å bli gjennomgått, revidert og oppdatert i løpet av første året etter kvar konstituering av nytt kommunestyre (dvs. første gang innan utgangen av 2012, andre gang innan utgangen av 2016 osv.).

Oppsummering og evaluering av kva som er oppnådd av resultat vedr. verdigrunlaget i gjeldande samfunnsdel er omtalt i planprogrammet.

3.0 UTFORDRINGAR

*** Utvikling av Fagernes by (regionsenteret i Valdres)**

- byutvikling og rolla som regionsenter medfører ekstra forpliktingar og mulegheiter
- stimulera til utvikling av urbane tilbod som gjer at det blir meir liv i gatene om ettermiddagen/på kveldstid
- utnytta bystatusen til Fagernes
- utvikla rimelegare butilbod for unge og barnefamiliar i etableringsfasen

*** Legga til rette for næringsutvikling**

- rolla til kommunen som organisasjon m.o.t. næringsutvikling med hovudvekt på bevaring og etablering av arbeidsplassar
- utvikla eksisterande næringer
- legga til rette for ny næringsetablering
- stimulera til å tenka etablering innan andre område enn berre reiseliv og landbruk
- kommunen manglar varierte arbeidsplassar
- det er lita fornying i næringslivet i kommunen

*** Etablering og vedlikehald av god infrastruktur**

- betra standarden på vegar
- betre rutetilbod ved Fagernes Lufthamn, Leirin
- elektronisk veg
- større omfang av gang- og sykkelvegar, ikkje berre Fagernes og Leira
- styrka kollektivtilbodet

*** Kompetanse – høgskule**

- behalda og tiltrekka seg ungdom
- få til auka aktivitet på OPUS Valdres

*** Stabilisera folketalet/Auka det**

- gode oppvekstmiljø (kultur/idrett/friluftsliv m.m.)
- utvikla ein kommune det er interessant å bu i
- få til busetting på nedlagde gardsbruk

*** Vidareutvikla tenestetilbodet og servicenivået i kommunen**

- sikra at organisasjonen til ei kvar tid har tilstrekkeleg med fagpersonar med relevant kompetanse
- aldersamansettinga blant dei tilsette, blir fleire eldre
- framleis gje gode tilbod
- arbeida vidare med omdømmebygginga som vart starta opp med prosjektet Nord-Aurdal inn i framtida
- heilskapleg tenking i kommunen

Andre utfordringar

- * Endringar i folkesamansettinga med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder
- * Sjukdomsbildet endrar seg, livsstils- og aldersrelaterte sjukdommar aukar
- * Legga forholda til rette for framleis landbruksdrift og smidige overtakingsprosessar, få fram at det er mulegheiter i landbruket
- * Miljø- og klimautfordringar, energi
 - attgroing av kulturlandskapet.
 - utbyggingspress vs klimautfordringar (beredskap, ras, flaum, grunnforhold) og berekraftig utvikling
 - samfunnstryggleik og beredskap
 - strategi for utbygging og arealbruk i utmark
 - klimatiltak
- * Utvikling og effektivisering av interkommunalt samarbeid, kommunesamanslåing.
- * Universell utforming, tilgjenge for alle til alt
- * Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid
 - levevanar som fysisk inaktivitet, røyk og usunt kosthald er ein helsetrussel
 - tverrsektorielt samarbeid, faktorar for helsa ligg utanfor helsevesenet
 - samhandling om folkehelsearbeidet
 - sikra at folkehelseomsyn blir teke med i alle planar
- * Tilstrekkeleg med kompetanse og ressursar til å løysa dei kommunale oppgåvene der ein i større grad må tenkja regionalt

4.0 VERDIGRUNNLAG

(prioritert rekkefølge)

1. Kunnskapskommunen Nord-Aurdal som satsar på å

- leggja til rette for gode skular og utdanningstilbod for alle
- arbeida for eit godt kulturtilbod for skuleelevar og studentar i kommunen

2. Helsekommunen i hjartet av Valdres som vil arbeida

- for desentraliserte helsetenester som eit utvida tilbod til innbyggjarane, lokalmedisinsk senter
- for helsetilbod som utvikling og rekreasjon
- med førebyggjande helsearbeid
- for at det blir satsa på folkehelsearbeid i alle virksomheiter
- for samhandling om folkehelsearbeidet
- for mulegheit for fysisk aktivitet for alle
- for Arenaprojektet "Helse i Valdres"

3. Kulturkommunen i hjartet av Valdres

- der ein legg vekt på kultur som helsefremmande arbeid
- som vil leggja til rette for festivalar for innbyggjarar og tilreisande
- med eit mangfaldig kultur- og naturtilbod for alle
- som ser på kultur som næring
- som tilbyr kultur for gode arbeidsplassar med mulegheit for utvikling

4. Tilflyttingskommunen Nord-Aurdal som

- tilbyr attraktive plassar å bu og arbeida
- tilbyr arbeidsplassar med mulegheit for utvikling
- har mange mulegheiter i kraft av den sentrale plasseringa på Austlandet i høve til både aust og vest
- har eit breitt og mangfaldig privat og offentleg service- og tenestetilbod som sikrar livskvaliteten til den enkelte
- skal vera ei servicebedrift og ein tydeleg myndigheitsutøvar.

5. Kulturlandskapskommunen Nord-Aurdal som satsar på

- levande grender
- utvikling med basis i det kulturlandskapet som finst, også stølsområda
- næringsutvikling
- godt miljø og klima
- å vidareutvikla det me er gode på
- vidareutvikling av lokal mat

6. Næringsutviklingskommunen Nord-Aurdal som

- skal vera ein tydeleg næringsaktør
 - skal visa fleksibilitet i høve til private
 - vektlegg turistretta virksomheit sterkt
- det skal vera enkelt å ta kontakt med kommunen

5.0 SATSINGSOMRÅDE OG HOVUDTEMA

(prioritert rekkefølge)

5.1 Oppvekstvilkåra til barn og unge

- det skal vera trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge med mange og gode tilbod til ulike aldersgrupper

Trygge oppvekstvilkår der enkeltindividida blir sett og høyrte er viktig. Eigne positive erfaringar med eit godt og trygt oppvekstmiljø er viktig for at folk skal ønska å venda tilbake til kommunen etter fullført utdanning og nokre år ein annan stad. Barneskuleelevar gjev sjølve tilbakemelding om at dei opplever kommunen som ein trygg stad å veksa opp, og at dei meiner at det er mange aktivitets- og fritidstilbod her. Ungdomsskuleelevar på si side etterlyser fleire tilbod til ungdom, og ein stad å møtast for berre dei.

Det er viktig å sjå på det totale oppvekstmiljøet til ungane, slik at det blir ein samanheng mellom heim, barnehage/skule og fritid. Foreldreansvar og grensesetting er viktig.

Det er viktig med tilbod som ungdomsklubb, kulturskule, idrettslag og andre frivillige organisasjonar i kommunen som alle kan vera med å profilera Valdres på ein positiv måte.

Helsetenester knytt til barn og unge må sjå helsa til barn og ungar i samanheng med forhold i oppvekst og samfunn. Helsestasjonen er barn og foreldre sitt første møte med helsetenesta i kommunen. Helsesøstertenesta er i ein unik posisjon i forhold til å gjera tidlegintervensjonar. Helsestasjonen er i sentral posisjon til å iverksetta førebyggjande helsearbeid. Helsesøster har mulegheit til å rettleia foreldra, eigentleg frå før fødsel, gjennom foreldreførebuande kurs. Helsesøster følgjer barna frå dei er fødte til dei forlét 10. skuletrinn. Gjennom samarbeid med resten av helsetenesta – skule – foreldre – barnevern – politi har ein mulegheit for å driva førebyggjande arbeid frå ein tverrfagleg/sectorovergripande ståstad. Gjennom små og enkle satsingsprosjekt vil ein òg ha mulegheit for å kunna evaluera resultat av satsinga.

Fritidstilbod gir mulegheit for ei aktiv og helsebringande fritid og bør derfor stimulerast og støttast. Kommunen er tilgodesett med utfordrande og flott natur. Det er viktig at barn og unge i tidleg fase lærer seg å sjå dei tilboda me har rundt oss i naturen. Dette vil kunna bidra til helsegevinstar på kort og lang sikt.

Fritidskulturlivet gjer ein god innsats for innbygarane. Det gjeld både idrett, musikk og ungdomsarbeid. Utan alle dei frivillige sin innsats, ville oppvekstvilkåra for barn og unge vore langt dårlegare.

Barnehagane skal tilby ungar under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til deira beste, og vera både ei pedagogisk virksomheit og eit velferdstiltak for småbarnsforeldre. Barnehagen skal sikra barn under opplæringspliktig alder eit oppvekstmiljø som både gir utfordringar som er tilpassa alderen til barnet og funksjonsnivå samtidig som barnehagen skal tilby tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Eit heilskapleg læringssyn skal prega virksomheita. Kommunen ser på private barnehagar som eit supplement til det kommunale tilbodet. Det skal satsast vidare på foreldremedverknad i barnehagane.

Kommunestyret gjorde 11.11.10 vedtak om at dei 5 barnehagane i kommunen skal oppretthaldast fram til 2013 dersom det er grunnlag for minst to avdelingar ved kvar barnehage. Målsettinga etter 2013 er at Fagernes, Leira og Aurdal (nybygg) skal ha kvar sin

barnehage med minst tre avdelingar. Det vart i vedtaket sagt at Leira barnehage kan flytta inn i noverande Leira skule. Kommunen vil kunna vurderer utvida og fleksible opningstider ved ein eller fleire barnehagar, men først etter at det er gjennomført ei nærare behovskartlegging som viser at det er eit stort behov for dette.

Kommunestyret har vedteke at kommunen skal ha ein barneskule med intensjon om oppstart hausten 2012. Ein legg vekt på gode og opne prosessar i planarbeidet fram mot ein ny barneskule. Det er alt sett i gang samarbeid mellom dei ulike skulane med tanke på gode overgangar både for elevar og vaksne. Både barn og vaksne er meir mobile enn før, og fleire barn har sosiale nettverk i andre deler av kommunen enn der dei bur. Dette er ein fordel i omstillingsprosessen. Fleire barn treng skuleskyss enn tidlegare, og her er det viktig med eit godt og kreativt samarbeid med både fylkeskommunen og busselskap for best muleg å leggja til rette for tryg og god skuleveg, og for folkehelsa.

Kommunestyrevedtaket om éin barneskule vil krevja investeringar framover, det same vil det nye helsetunet. Dette åleine inneber at det er heilt nødvendig å omstilla seg slik at kommunen kan ha økonomisk bereevne til desse investeringane.

Skulen skal ha fokus på læring, der elevane skal tileigna seg kunnskap og kompetanse. Kommunen vil leggja til rette for ein aktiv skulekvardag med ulike tilbod. Det skal leggst vekt på kvalitet i skulane. Likeverd, menneskeverd, toleranse og likestilling skal fremmast, og alle barn skal få ei tilpassa opplæring. Det skal leggst vekt på å skapa gode arbeidsmiljø, fysisk og psykisk, for elevar, lærarar og anna personale ved skulen.

Gjennom FYSAK–opplegg og i samarbeid med folkehelsekoordinator skal det leggst til rette for dagleg fysisk aktivitet i skulen, noko som vil kunne gje gevinst både fysisk og psykisk.

Gjennom opplæringa skal elevane oppdaga dei mulegheitene og føresetnadene kvar enkelt har til å ta positivt del i samfunnsutviklinga. Kunnskap om eigen kommune og nærmiljøet er viktig. Kunnskap om samfunnsoppbygging, næringsliv og kulturliv, både lokalt og globalt, er nødvendig for å utvikla samfunnet vidare på ein positiv måte. Skulen skal stimulera til kompetanse, kreativitet og pågangsvilje, noko som er nødvendige eigenskapar for framtidig deltaking i næringsliv, kulturliv og politikk. Arbeidet med elevbedrifter skal på lengre sikt kunna hjelpa barn og unge til å sjå mulegheit og fremme næringsutvikling i eigen kommune/region.

Læringsmiljøet er viktig for at barn og unge skal få den kunnskap og kompetanse som er nødvendig for å møta utfordringar seinare i livet. Skulebygga må ha ei funksjonell og oppdatert utforming som høver godt for sambruk mellom grunnskule, kulturskule og fritidsorganisasjonar og samtidig ha eit godt inn klima tilpassa brukarane. Det skal vera god plass til utstyr som trengs for aktivitetar. Arealet i tilknytning til bygga må utnyttast på ein god måte og vera og opplevast som trygt utforma.

Det skal satsast vidare på foreldremedverknad og foreldreinnverknad i skuleverket. Foreldra er ein ressurs som må takast med i alle delar av verksemda i skulen. Me må sjå oppvekstmiljøet til barna i heilskap, slik at det blir samanheng mellom heim, skule og fritid. Skulane skal ha eit godt IT-tilbod og god IT-kompetanse hjå lærarane, og leggja til rette for god informasjon til føresette om og via IT.

Det skal slåast hardt ned på alle typar mobbing. Lærarane bør få betre kompetanse vedr. alle typar mobbingsproblematikk, mobiltelefon og internett, for å bidra til å skapa gode og trygge oppvekstvilkår.

I Nord-Aurdal som i mange andre kommunar reiser mykje ungdom ut av kommunen etter vidaregåande skule. Det er naturleg og sunt at ungdommen vil ut ein periode, og det viser seg at mange seinare i livet, etter å ha teke utdanning og eventuelt fått seg litt praksis, ønskjer å returnera til heimlege trakter.

Det er viktig å setta inn ressursar tidleg for å unngå at nokon fell utanfor samfunnet. Det skal leggjast vekt på karriererettleiing slik at ein unngår at unge avsluttar påbegynt vidaregåande utdanning. Kommunen vil arbeida for at det blir oppretta trainéeplassar, lærlingeplassar, mentor- og fadderordningar ved ulike bedrifter og skular.

Nord-Aurdal er vertskommune for Valdres folkehøgskule, Valdres vidaregåande skule, Oppland utdanningscenter (OPUS) og desentraliserte høgskuletilbod, 2 Montessoriskular og vil leggja forholda til rette for desse skulane. Kommunen vil òg arbeida for å få etablert fleire høgskuletilbod i Valdres.

Kulturskulen skal leggja vekt på å få til eit samordna totaltilbod for barn og unge. Det må leggjast til rette for ulike aktivitetar som kan fremme kreativ utvikling, kunstnarleg utøving og trivsel.

Kommunen vil i framtida leggja større vekt på å møte unge på deira treffstadar. Informasjonen om kommunen skal vera lett tilgjengeleg, og all informasjon må vera samla på ein stad.

Kommunen vil leggja til rette for at det kan etablerast rimelege bualternativ til unge i etableringsfasen som ønskjer å koma til/tilbake til Nord-Aurdal.

→ *målsettingar*

- Nord-Aurdal skal vera ein god kommune å veksa opp i
- arbeida for å gjera skule- og helsetenestene betre og vidareutvikla dei
- bygga vidare på prosjekt retta mot ungdom, og utvikla tilboda for ungdom
- leggja til rette for gode, trygge og stimulerande oppvekstmiljø i alle grendene i kommunen
- leggja til rette for fritidstilbod som kan engasjera fleire barn og unge
- støtta frivillig organisasjonsarbeid, idrett, kultur
- ha fokus på samhandling, miljøarbeid NAUS og helsesøstertilbod NAK/Valdres vgs
- ha fokus på utviklingsarbeid og rus/psykiatri (jf. 5.2), for å sjå utfordringane på eit tidleg tidspunkt.
- sterk fokus på tidleg innsats for ungar som treng ekstra oppfølging.
- følgja opp bekymringsmeldingar
- styrka det haldningsskapande arbeidet i høve til rus
- arbeida for å ha levande grender sjølv om ein ikkje har skular
- gje eit kvalitativt godt barnehagetilbod som skal vera lett tilgjengeleg og nær brukarane
- ha eit godt skuletilbod
- arbeida for at alle elevar får ein trygg skuleveg.
- sikra gode ute- og leikeareal for barn og unge
- auka fokusen på OPUS (Oppland utdanningscenter) og utdanning
- arbeida for karrieresenter

5.2 Folkehelsearbeid, helse- og omsorgstenester

- grunnleggjande tenester skal finnast når og der du treng det

Helseavdelinga skal yta helsetenester, førebyggjande og kurativt på eit kvalitativt høgt nivå. Tenesteeininga skal vera med på å gje innbyggjarane i kommunen helsemessig tryggleik i alle fasar av livet. Tryggleik for liv og helse, bustad, arbeid i eit allsidig næringsliv, tilsyn og omsorg for barn og unge, ein god skule og eit variert tilbod til eldre skal stå sentralt.

Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen arbeida for at alle som har behov for pleie og omsorg, blir gjevne tryggleik og nødvendige og individuelt tilpassa tenester. Utbygging av tenestene skal ta omsyn til både kapasitet og kvalitet.

Det er viktig for brukarane at dei opplever at menneska dei kjem i kontakt med har tid til å ta seg av dei på ein tilstrekkeleg måte. Dette omfattar m.a. menneskeleg omgang i form av ei hyggeleg samtale.

Heimetenesta skal framleis vera satsingsområde slik at innbyggjarane i kommunen kan få bu heime så lenge dei ønskjer. Føresetnader for at det skal vera muleg å oppretthalda målsettinga om at eldre skal kunna bu heime så lenge som muleg er at heimetenesta blir styrka i takt med behovet for pleie- og omsorgstenester. Kommunen må sørgja for å få folk med rett kompetanse for å kunna handtera dei faglege utfordringane kommunen vil stå overfor framover. Forventningar som er skissert i samhandlingsreforma gir kommunane meir ansvar for den medisinske behandlinga på eit høgare nivå, og det er derfor viktig at kommunen set fokus på auka kompetanse. Kommunen er alt i gang med å styrka det faglege nivået ved å tilsetta fleire høgskuleutdanna og sørgja for fokus på kompetanseheving internt i dei ulike virksomheitsområda. Det skal arbeidast for å få etablert tilbod som dekkjer behova i omsorgstrappa, eksempelvis tilstrekkeleg med korttids plassar og dagtilbod for demente og for personar med nedsett funksjonsevne.

Planlegging for dei eldre og andre med omsorgsbehov må vera prega av at dei skal få høve til å ta del i samfunnslivet, få omsorg og tryggleik i kvardagen, kunna utvikle eige potensial og ha eit verdig liv.

Einsemd blant eldre og andre delar av innbyggjarane med særlege behov kan vera eit problem. Ulike aktiviseringstilbod som det ein finn på Vikatunet kan vera med å løysa noko av desse problema. Andre ting kan vera ulike tilbod på Aurdalsheimen som trim for alle.

Fysisk inaktivitet er ifølgje WHO i ferd med å bli framtidens store helseproblem. Nøkkelordet er førebygging. Samhandlingsreforma (*St. meld. nr. 47 (2008-2009), Samhandlingsreforma – Rett behandling – på rett sted – til rett tid*) er sentral i tenkinga kring førebygging. Pasientane skal få betre behandling der dei bur. Det skal løna seg å førebygga sjukdom i forkant i staden for å reparera i etterkant. Regjeringa vil satsa meir på å unngå at folk blir sjuke.

Folkehelsearbeidet er sektorovergripande. God helse er meir enn fråvêr av sjukdom. Helsevesenet har lenge fokusert på risikofaktorar for utvikling av sjukdom som at det blir røykt for mykje, ein rører seg for lite og et for mykje, konsumerer for mykje alkohol, bryr oss for lite om kvarandre samtidig som kvardagen ofte krev meir av ein enn det ein føler ein klarer.

Det moderne samfunn gir oss stadig nye utfordringar på området helse. Barn og vaksne er i mindre grad fysisk aktive. Stadig meir tid blir brukt rundt sosiale medium. Større krav både i arbeidslivet og i privatlivet fører til aukande grad av utryggleik, samt ei auke i livsstils- og aldersrelaterte sjukdommar dersom det ikkje blir sett inn førebyggjande- og helsefremmande tiltak. Dette er ei stor utfordring for kommunen framover. Satsinga på folkehelsearbeid som skal gjerast i kommunen framover vil vera eit viktig bidrag for å motverka denne utviklinga.

Påverknadsfaktorar på helsa finst i alle samfunnssektorar, og folkehelsearbeidet omfattar derfor langt meir enn helsetenesta. Kommunen som heilskap må ha ansvar for arbeidet og utvikla systematisk, forpliktande og langsiktig innsats på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, samt bygga alliansar for folkehelsearbeidet (offentleg/frivilleg/privat). Arenaer for folkehelsearbeid bør vera der innbyggjarar i kommunen lever og oppheld seg; i heimen, barnehagar, skular, arbeidsplassar, bumiljøet, nærmiljøet, langs stiar og vegar.

Velferdsutviklinga i samfunnet må styrast slik at innbyggjarane kan få tilbod om gode som gir betre livskvalitet, innanfor ramma av ei berekraftig utvikling. Utdanningstilbod, barnehagar og ein aktiv likestillingspolitikk er viktige delar av ein heilskapleg velferdspolitikk.

Gjentatt bruk av rusmiddel aukar risikoen for utvikling av avhengigheit og sjukdommar. I tillegg er menneske som drikk mykje eller brukar andre rusmiddel ofte meir utsett for ulukker og sosiale problem som igjen kan føra til psykiske problem (jf. 5.1). Det skal leggest vekt på å førebygga rusmisbruk og på ettervern, og tilbodet til menneske med psykiske lidningar skal styrkast.

Det må arbeidast for å få større lokale både til legesenter, legevakt og lokalmedisinsk senter. Samhandlingsreforma tvingar kommunane til å samarbeida tett på områda helse, pleie og omsorg. Samhandlingsreforma og det faktum at sjukehusa skriv ut pasientane tidlegare og tidlegare, krev at kommunane har kompetanse på mange område. Det føreligg planar om utviding av det lokalmedisinske senteret (helsetun) på Fagernes. Ein ser for seg at det vert lagt til rette for omsorgsbustader, sjukeheim, intermediæreining, utviding av legesenteret, livssynsøytralt seremonirom m.m. her. Dette vil på sikt medføra at m.a. omsorgsplassane i Aurdal vert flytta til Fagernes. Gjeldande arealdel tek høgde for den planlagde utvidinga.

Kommunen har bra legedekning, men med det aukande talet på konsultasjonar, folkemengda i feriar, pandemitrusselen og ynskje om meir førebyggjande helsearbeid, bør det arbeidast for å få fleire lege- og medarbeidarstillingar.

Nærmiljøet er ein sentral helsefaktor, som saman med andre faktorar som tilgang til skule, jobb, daglegvarebutikk osb. påverkar helsa til den enkelte. Nord-Aurdal kommune skal ha fokus på mulegheiter og ressursar, og vera oppteken av faktorane som fremmer god helse; trivsel, tilhøyre, rausheit, humør, natur, opplevd eigenverdi og likeverd, balanse mellom arbeid og fritid, nære sosiale relasjonar, forståing for andre sine uforståelege val.

Kommunen vil leggja til rette for å dela dei helsefremjande goda som kommunen rår over. Kommunen skal ved all planlegging leggja til rette for positive helseval og sunn livsstil og arbeida for å førebygga sjukdommar og skader. Kommunen vil arbeida for å fremma trivsel og livskvalitet og utjamna helseskilnader

Kommunen vil nytta seg av statistikk frå m.a. legetenesta og kommunehelseprofilar for å setta fokus på spesielt utfordrande oppgåver. Talet på diabetikarar aukar i Nord-Aurdal kommune

som i resten av landet. Det er derfor no teke eit initiativ for å betra diabetesomsorgen både i forhold til førebyggjande arbeid og i forhold til kurativ innsats. Blodtrykkssjukdommar er òg ei stor diagnosegruppe. For denne pasientgruppa er det særskild viktig med fokus på det førebyggjande feltet både gjennom helseopplysning, fysisk aktivitet, kosthald/vektreduksjon og røykekutt.

Overvekt er òg eit aukande problem. Dette problemet er multifaktorielt og sektorovergripande, og vil kunne vera eit naturleg prosjekt å samarbeida breitt omkring.

Frivilligsentralen som kommunen eig formidlar tenester mellom innbyggjarar på frivillig grunnlag. Med eldrebølgja ein forventar er det grunn til å tru at frivilligsentralen blir eit endå viktigare supplement til det eksisterande frivillige organiserte arbeidet i kommunen. Aktiviteten skal vera eit tillegg til offentleg virksomheit, og vera eit kraftsenter for frivillig virksomheit i kommunen.

Det skal etablerast frisklivssentral i Nord-Aurdal. Frisklivssentralen skal vera ein stad der ein får støtte til endring av levevanar i form av både førebygging og behandling. Frisklivssentralen er ein høgrisikostrategi i folkehelsearbeidet, der målet er å nå dei som ikkje blir fanna av vidare folkehelseiltak.

→ *målsettingar*

- førebyggjande helsearbeid skal prioriterast, og rettane og behova til pasientar skal stå i sentrum.
- Nord-Aurdal skal vera ein trygg kommune å bu i både når det gjeld liv og helse, oppvekstmiljø, omsorg, kriminalitet, offentleg ferdsel og mulegheit til arbeid og bustad
- Nord-Aurdal skal vera ein kommune der innbyggjarane opplever høg livskvalitet
- å vidareutvikla helsetenestene og utvikla helsetunet vidare
- å få etablert fleire desentraliserte spesialisthelsetenester i Valdres
- fleire leveår med god helse og reduserte helseskilnader for alle innbyggjarane
- større fokus på førebyggjande arbeid.
- det skal vera ei tydelig folkehelsesatsing med samhandling mellom sektorane

5.3 Kulturtilbod

- Nord-Aurdal skal vera ein open og mangfaldig kulturkommune med mange kulturtilbod og vera ein naturleg møtestad i Valdres

Det er ei viktig oppgåve å ta vare på og utvikla kulturen og identiteten til kommunen slik at folk føler dei høyrer til her. Eit godt og variert kultur- og fritidstilbod forankra i særpreg og tradisjonar skal gjera sitt til at barn og vaksne trivst, og gje folk lyst til å flytta hit.

Høg livsstandard er eit mål for samfunnspolitikken. Kulturlivet utgjer eit heilt sentralt element i dette omgrepet. Kulturarbeid av ulike slag er med på å fremma god helse og trivsel, det utviklar skapande evner, gir kvalitetssans, lokal og nasjonal identitet og særpreg.

Kultursatsing/-tilbod bør sjåast i eit regionalt perspektiv for å få eit best muleg tilbod. Til dømes regionalbibliotek, moderne kino, idrettsarrangement m.m. Nord-Aurdal med regionsenteret og byen Fagernes vil ta initiativ og stå i førarsetet for ei slik satsing.

Kommunen vil støtta opp om det frivillige organisasjonslivet slik at det også i framtida kan vera eit rikt kulturtilbod her. Kommunen vil òg støtta opp om og leggja til rette for dei mange festivalane som er i kommunen.

Kultur i seg sjølv er folkehelsearbeid og det er viktig å oppretthalda eit godt kulturliv. Alle bør kunna finna eit tilbod som er tilfredstillande for dei. Kommunen vil leggja til rette for at flest muleg skal bli gitt mulegheit til å utøva idrett og fysisk aktivitet, og støtta opp under og leggja til rette for arbeidet som frivillige gjer m.o.t. ulike tiltak for barn og unge. Barn og ungdom er dei viktigaste målgruppene i denne samanheng.

Kulturpolitikken i Nord-Aurdal skal vera ein hovudreiskap for kommunen når me utviklar miljø- og trivselstilbod for alle alders- og interessegrupper. Friluft- og kulturtilbod er viktige element som kan gjera kommunen vår attraktiv overfor nye og eksisterande næringsverksemdar og reiselivsbedrifter. Kommunen skal ha ein godt utbygd kulturskule, som kan vera eit ressurscenter for omfattande kulturaktivitetar for alle som ønskjer eit tilbod.

Det skal leggst til rette for eit allsidig og rikt tilbod til ungdommen rundt om i grendene. Kommunen vil arbeida for å halda ved like det gode samspelet med frivillige organisasjonar, som er sjølvne grunnlaget for det rike kulturlivet i kommunen.

Det er viktig at alle grendene i kommunen får bygd gode og trygge nærmiljøanlegg. På Fagernes satsar kommunen på at Fagernesparken kan tilretteleggast med fleire nærmiljøanlegg.

Kommunen vil støtta opp om arbeidet med å leggja til rette for tilbod og opplevingar i pakkeform, der ein kan tenka meir regionalt for at alle skal kunna dra nytte av kvarandre, samtidig som ein gjev tilreisande mulegheita til å plukka opplevingar og kulturtilboda.

→ Målsettingar

- eit godt og rikt kulturtilbod for alle, sentralt vil vera ein godt utbygd kulturskule, der ein unngår ventelister
- kulturlivet skal ha tilfredsstillande og attraktive lokale for tilboda sine
- sikra store nok og attraktive areal for lek, mosjon, idrett og friluftsliv
- vera ein god vertskommune for Valdres folkemuseum

5.4 Næringsutvikling

- Nord-Aurdal skal ha eit allsidig næringsliv med attraktive arbeidsplassar, skapt med grunnlag i reiseliv, kunnskaps- og kompetanseutvikling, landbruk og kultur

Kommunen si rolle i næringsarbeidet er først og fremst å leggja til rette for næringslivet, og å syta for god infrastruktur. Vidare må kommunen stimulera eksisterande næringsliv til vidareutvikling og nødvendig omstilling. Næringslivet må vera initiativtakar, medan kommunen skal vera støttespelar og hjelpa til med å få i gang prosjekt. Utviklinga i næringslivet er eit direkte resultat av kva stimulering og tilrettelegging som ligg inne i sentrale rammevilkår. Den nasjonalt fastsette regional- og distriktpolitikken er svært viktig for ein kommune som Nord-Aurdal.

Det er sannsynleg at næringsutvikling i kommunen lukkast best på dei områda der kommunen har størst ressursar. Dersom tenestetilbodet og velferdsnivået skal kunna haldast ved like, er det viktig å satsa på områda der kommunen har naturlege fortrinn, og der det er klare utviklingsmulegheiter. Ambisjonsnivået på næringssektoren må stå i forhold til dei verkemiddel som blir stilte til rådvelde.

Det finst støtteordningar for næringsutvikling, og dei mulegheitene me har til å få økonomisk støtte ved etablering, bør brukast meir. Kommunen arbeider for å etablere eit godt samarbeid med andre offentlege instansar, til dømes Innovasjon Norge, Bygdeutviklingsfondet (BU), fylkeskommunen, fylkesmannen og andre statlege organ, for å dra best muleg nytte av dei ordningar som eksisterer for utvikling av næringslivet.

Det er viktig å kommunisera ut det positive som skjer i kommunen. Den gode infrastrukturen og dei fine buforholda i kommunen må utnyttast til å skapa utvikling på næringssektoren. Ein bør samarbeida meir for å få ein tettare dialog, og for å forsterka den næringa som alt er her. Dette er enklare enn å skaffa ny næring. T.d. hytteutbygging og satsing på hytteturistar som alt er i regionen. Ved ny næringsetablering i kommunen kan det vera ei utfordring å få tak i tilstrekkeleg kompetanse til arbeidsplassen. Det er viktig å satsa på arenaer der kommunen får vist seg fram, og leggja til rette for å skapa møteplassar.

Landbruk og turisme er framleis viktige næringar i Nord-Aurdal kommune. Dei to næringane er gjensidig avhengige av kvarandre. Kommunen vil leggja til rette for eit større samarbeid mellom lokalmatprodusentar og dagligvarekjedene.

Kommunen skal driva med næringsutvikling med tanke på å fremja auka lokal verdiskaping, og få på plass verkemiddel retta mot bedrifter som kan tenka seg å etablere seg i kommunen. Kommunen vil vera aktiv når det kjem førespurnader frå folk som ønskjer å etablere seg i kommunen.

I næringsutviklinga må ein vera oppmerksom på og oppmoda til fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Det bør leggest sterk vekt på nære og trygge relasjonar mellom leiing og tilsette i ulike verksemder. Kommunen tek initiativ til å etablere eit samarbeidsorgan mellom tilsette – arbeidsgjevar – legeteneste – NAV med tanke på tidleg intervensjon med sjukmeldingar. Dette for å gje hjelp til den enkelte arbeidstakar slik at forholda blir lagt best muleg til rette for ei rask tilbakeføring til arbeidslivet. Ein slik tydleg intervensjon har mykje å seia for den trivselen og helsa til den tilsette.

Fagernes er eit viktig handelssentrum både for fastbuande i heile Valdres og for turistar, og detaljvareomsetninga per innbyggjar ligg på topp på landsbasis. Varehandelen er ei av dei næringane som sysselset flest av dei yrkesaktive i kommunen.

Kommunen vil leggja vekt på å marknadsføra Fagernes som by med både urbane og landlege kvalitetar. Leira utfyller Fagernes som regionsenter. Kommunen ser på Fagernes og Leira som tettstader der dei ytre rammene for næringsetablering skal vera like. Kommunen manglar større næringsområde nær Fagernes.

Innanfor landbruket er det ei stor oppgåve å få neste generasjon til å overta. Det er viktig å gjera overtakinga så enkel som muleg. Kanskje kan frivillige kurs på initiativ av kommunen for ferske gardbrukarar, med ei "bruksanvisning" i korleis ein kan etablere seg i landbruksnæringa vera ei støtte. Kanskje kan ein her få til meningsutvekslingar og saman vera ei støtte for kvarandre.

Ved å setta søkelys på førebygging av ulukker og slitasjeskadar i landbruket vil ein bidra til å gjera det muleg for arbeidstakarar i landbruket å stå lenger i arbeid. Dette vil òg bidra til at dei unge vil kunna sjå med større interesse på eit yrke innanfor landbruksfaga.

Landbruket står overfor store utfordringar, og ein ser at til og med samdrifter blir lagt ned. Kommunen meiner det er "viktig med lys i glasa", og at det vert lagt til rette for dette på best muleg måte.

Næringsutvikling i distriktet blir sentralt, i og med at det tradisjonelle landbruket stadig gjev mindre inntekt til bøndene. Det inneber at mange bønder må finna nye måtar å skaffa seg inntekt på. Det er viktig at å sjå næringane i kommunen i samanheng, til dømes er det viktig for turismen at landbruket og kulturlandskapet blir oppretthalde.

Det skal arbeidast aktivt for å vidareutvikla landbruksnæringa i heile si breidd. Framtidsprognosar indikerer at behovet for å produsera meir mat sjølv i landet er aukande. Det skal arbeidast for å få bedrifter til å etablere seg i kommunen. Turisme, landbruksnæring og kulturvernarbeidsplassar er viktige stikkord.

Utmarksareala er ein viktig ressurs for kvar enkelt næringsutøvar i den grad dei kan utnyttast noko meir forretningsmessig. Utmarka bør nyttast på ein best muleg måte utifrå dei ressursane kvar enkelt eigedom har, og utifrå dei rammevilkår som den offentlege forvaltninga kan godkjenna. Ved sida av hyttebygging må grunneigarane vurderer om andre næringsvegar som stølsturisme og utleigeverksemd kan vera aktuelle.

Det er 4100 hytter i kommunen, og berre 41% av desse har innlagt straum. I nabokommunen Vestre Slidre har over 70% av hyttene innlagt straum, medan på ein turiststad som Oppdal har 90 % av hyttene innlagt straum. Hytteeigarar med innlagt straum legg att vesentleg meir pengar i året i kommunen, enn hytteeigarar utan straum. Kommunen vil leggja til rette for at det blir ein jamn og hyppigare bruk av hyttene for å sikra heilårsarbeidsplassar. Ein ser at det kan vera behov for betre samarbeid/koordinering ved utvikling av byggeområde.

Kommunen vil fokusera meir på hytteeigarar. Fleire og fleire oppheld seg på og bruker hytta meir enn tidlegare. Mange av desse har behov for og ønskje om ulike tenester. Mange hytteeigarar ønskjer å ta med seg arbeidet sitt på hytta, og tilbringa nokre dagar meir i

kommunen. Hytteeigarane representerer ein stor ressurs, kommunen ønskjer å dra nytte av desse ressursane.

Kommunen har i dag ein avgrensa pågang av søknader om heimetenester frå hyttefolk. Det avgrensar seg til sesongar som jul, påske og sommarferie. Denne pågangen er ikkje så stor at den krev ekstra ressursar. Nord-Aurdal har mange hytter med høg standard, og det kan tenkast at me i framtida vil få auka etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester om desse brukarane vel å flytta til Valdres. Om etterspurnaden blir stor, vil det vera nødvendig at ressursane til å tilsetta fleire fagfolk aukar i takt med behovet for tenester.

Ungdommar som reiser ut av kommunen for å ta utdanning, utgjer ein viktig ressurs, og det bør vurderast tiltak for å få desse og kompetansen dei tileignar seg, tilbake til kommunen.

Valdres destinasjon AS har som målsetting å bidra til å skape ein heilskapleg reiselivsprofil av Valdres. Selskapet har som visjon og formål å vera eit verktøy for at Valdres skal bli den leiande heilårsdestinasjonen i Norge. Selskapet blei etablert frå 01.07.07 og er eigd av Sør-Valdres utvikling, Beitostølen utvikling og Reisemål Vang.

Kommunen vil leggja til rette for vidare utvikling av Valdres natur- og kulturpark.

→ *målsettingar*

- ein jamn og sikker vekst i talet på arbeidsplassar, slik at folk føler optimisme og velvære og har tru på framtida, folk skal ha arbeid
- at det til ei kvar tid skal vera godkjente og attraktive næringsområde i heile kommunen, og ledige lokale som ein kan tilby mulege næringsaktørar.
- at ledige areal for næringsetablering blir betre synleggjort
- å styrka tradisjonelle næringar
- å leggja til rette for nyetableringar
- at det blir sett fokus på kompetanse og opplevd kvalitet
- leggja til rett for og styrka sannsynet for at arbeidstakarar blir verande i kommunen
- vera ein attraktiv kommune å etablere seg i for alle
- at Fagernes saman med Leira framleis skal vera eit handelssenter der dei ytre rammene for næringsetablering skal vera like
- at Aurdal skal vera både ein kultur- og turiststad
- Aurdalsåsen, Tisleidalen og Vaset skal framleis vera satsingsområde for turisme
- fokus på førebygging og skadereduserande tiltak

5.5 Infrastruktur

- kommunale vegar samt gang- og sykkelvegar skal ha ein god standard for å auka trafikktryggleiken for alle trafikantar

E16 går mellom Bergen i vest og Oslo i aust. Kommunen ser positivt på arbeidet som er sett i gang for å få ei avklaring av framtidig trasé gjennom kommunen, slik at ein slepp den usikkerheita ein i alle år har hatt til kor denne vil bli.

I høve til merkevarebygginga til Valdres natur- og kulturpark kan det vera ein heller negativ faktor at alle vogntoga går gjennom dalen, og bidreg til mykje forureining, men samtidig er ein avhengig av transporten som skjer. Fastlegging av endeleg E16-trasé er viktig, men neppe avgjerande og den viktigaste faktor for utvikling i/av Valdres. Det er innhaldet i Valdres som gjev livskvalitet for dei som er busette her og for gjester som kjem.

Kommunen vil arbeida for å styrka kollektivtilbodet til/i/frå kommunen. Forholda skal leggast betre til rette for mjuke trafikantar i heile kommunen.

Kommunen vil arbeida for at vegen over Valdresflyé skal vera vinteropen i framtida og for å marknadsføra Fagernes som eit trafikknutepunkt med både flyplass og fleire daglege bussavganger til både Oslo, Bergen og Lillehammer.

Saneringsplan for avløp må prioriterast for å unngå at det lek inn og ut av avløpsnett og i samsvar med utsleppsløyva til fylkesmannen for reinseanlegga. Det bør investerast i eit overvakingssystem for samtlege anlegg innan vatn og avløp med overføring til ein driftssentral. Det må byggast nye høgdebasseng, og skje ei vesentleg utskifting av gamalt leidningsnett for å auka tryggleiken innan vassforsyning.

Det brannførebyggande arbeidet må styrkast for å få ein sikker og effektiv beredskap ved brann, ulukker og forureining. Må vurderast om det bør etablerast ein felles brann-/beredskapsavdeling for heile Valdres. Brannstasjonen vil bli flytta ut av sentrum og til Breiset, og bli samlokalisert med uteseksjonen og teknisk drift. Arealet midt i sentrum av Fagernes der brannstasjonen ligg i dag vil bli brukt til næringsutvikling.

Kommunen vil leggast til rette for etablering og bruk av fjernvarme og biovarme.

Kommunen har ein omfattande bygningsmasse av ulik standard. Bygningsmassen må tilpassast behovet som ein har til ei kvar tid. Vedlikehaldsutgifter og behov for renovering vil henga saman med dette.

→ målsettingar

- å betra standarden på vegnettet i kommunen, med hyppigare vedlikehald
- å redusera den kommunale bygningsmassen
- å styrka det brannførebyggande arbeidet
- å til ei kvar tid ha eit tilfredsstillande leidningskart der alle kommunale leidningar med røyrdimensjon er påført
- å styrka kollektivtilbodet til /i/frå kommunen.
- å leggast til rette for mjuke trafikantar i heile kommunen
- at vegen over Valdresflyé blir vinteropen
- at rutetidene på Leirin blir tilpassa stamrutetettet
- Nord-Aurdal skal vera i forkant innan miljøvennleg transport

5.6 Aktiv rekruttering

- Nord-Aurdal skal framleis vera den mest attraktive og beste kommunen å jobba i i Valdres

Nord-Aurdal kommune med regionsenteret, Fagernes by, har valt å ta ei aktiv rolle som samfunnsutviklar og motor i Valdresregionen. Dei gode løysingane for byen, kommunen og regionen føreset at dei viktigaste aktørane i næringslivet og dei off. tenestene samhandlar og kjenner kvarandre godt. Kommunen må vera synleg til stades lokalt, regionalt og nasjonalt.

Nord-Aurdal kommune har fleire hovudutfordringar i rolla si som arbeidsgjevar. Utifrå alderssamansettinga ved fleire virksomheiter er det grunn til å tru at ein i løpet av få år kan få ei stor utskifting av arbeidstakarar. Dette skapar utfordringar i høve til å få nye arbeidstakarar til stillingane, og overføring av kompetanse frå arbeidstakarar som sluttar til nye.

Arbeidsoppgåvene til kommunen aukar i omfang med nye tenester som vert pålagt samtidig som det blir fleire eldre innbyggjarar. For å kunna møte det framtidige behovet for arbeidskraft som følgjer av dette, er det heilt avgjerande at ein brukar arbeidskraftressursane ein har på ein best muleg måte samtidig som ein gjer det å arbeida i offentleg sektor spennande og attraktivt. Kommunen må tilpassa virksomheita og utvikla tenestetilbodet i takt med nye utfordringar, og leggja vekt på å fremma tryggleik og styrka medverknadsmulegheita til den enkelte. Sjølv om det kommunale tenestetilbodet har auka, er det til dels stor avstand mellom forventningane og det kommunen har mulegheit til å tilby innanfor tilgjengelege ressursar.

Dei tilsette i kommunen vert dagleg stilt overfor utfordringar dei sjølve må ta ansvar for å handtera. Løysingane vil avhenga av kunnskap og erfaringar, haldningar, verdiar og evne til å ta sjølvstendige avgjerder. Ein kompetent medarbeidar er sjølve føresetnaden for å skapa kvalitet, og er den viktigaste ressursinnsatsen til kommunen. Ein kompetent medarbeidar forvaltar kunnskap sin til det beste for organisasjonen og tek initiativ til utvikling. Kvalifiserte og motiverte tilsette er avgjerande for resultatet.

Korleis kommunen lukkast med å ivareta samfunnsansvaret sitt, har mykje å seia for omdømmet og truverdet til kommunen. Arbeidsgjevarpolitikken til kommunen kan bli ein avgjerande faktor for rekrutteringa. Konkurransen om arbeidskrafta kjem til å auka framover.

Det skal førast ein aktiv dialog med Opus og skular. Gjennom eit godt skulesystem som har kvalitet og skaper trivsel, må kommunen i samarbeid med lokalt næringsliv og skulane leggja vekt på å informera ungdommen om kva yrkesgrupper lokalsamfunnet har behov for, og motivera dei til å velja slike utdanningsretningar for seinare å koma tilbake til kommunen/regionen.

→ målsettingar

- å synleggjera Nord-Aurdal som ein attraktiv stad å bu og arbeida, og arbeida for at private og offentlege arbeidsgjevarar inkluderer innvandrarak i arbeidslivet
- redusera påkjenninga på kommunen som organisasjon, ved å ta grep for å vera i forkant, i samband med dei utskiftingane ein veit vil koma blant dei tilsette p.g.a. alderssamansettinga
- få unge som reiser ut for å ta utdanning til å på sikt koma tilbake til kommunen
- gjennomføra praksisperiodar til studentar, elevar og lærlingar på ein slik måte at dei ønskjer å arbeida i kommunen
- leggja til rette for større faglege miljø
- visa at kommunen set aktivitet og folkehelsearbeid høgt og leggja til rette for å førebygga sjukdom og skade

5.7 Natur og miljø, arealforvaltning

- Nord-Aurdal skal ha eit miljø som fremmar helsa og trivselen til innbyggerane som skal vera sikra rein jord, luft og vatn, og nære rekreasjonsområde og naturopplevingar

Naturgrunnlaget i Valdres gjev gode vilkår både for biologisk produksjon og for naturopplevingar. Det ligg såleis godt til rette for både landbruk og reiseliv. Berekraftig utvikling av naturgrunnlaget er derfor god næringspolitikk.

Det biologiske mangfaldet blir stadig redusert som følgje av mange enkeltinngrep. Kvar for seg utgjer desse inngrepa ofte ingen trussel, men summen av mange inngrep over lengre tid kan gje store skadeverknader.

Friluftsliv er ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet som me kan sjå som ein del av kulturarven vår. Dei fleste innbyggjarane i kommunen har høve til å oppleve friluftsliv i nære naturområde. Desse naturområda er òg ein viktig del av oppvekstvilkåra for barn og unge i kommunen vår. Dessutan er friluftsliv sannsynlegvis det viktigaste aktivitetstilbodet for reiselivet i Valdres. Friluftsområde i nærmiljøet er ofte utsette for sterkt utbyggingspress, og har sjeldan tilfredsstillande arealstatus i plansamanheng. Det er viktig både å ta vare på friluftsområde i nærmiljøet og grønne korridorar frå utbyggingsområde til utmark.

Kommunen skal leggja til rette for bustadbygging, og vera kontaktledd i arbeid der private står for utbygging og utføring. All utbygging aukar det totale energiforbruket og påverkar miljøet i kommunen. Dersom det offentlege ikkje påverkar innbyggjarane til å redusera energibehovet, kan ein ikkje rekna med at dei prøver å finna energiløysingar som kan gjera dei mindre avhengige av elektrisitet. Kommunen skal vurdera mulegheiter i høve til dette.

Omgjevnadene våre påverkar trivselen vår. All utbygging gjev effekt på natur og miljø, både gjennom den direkte bruken av areal og gjennom materialbruk, energibruk, transportgenerering, støy, reduksjon av friluftareal osv. Innanfor emnet miljø kjem òg estetikk, dvs. dei visuelle omgjevnadene våre. Det er viktig at dyr beiter i utmarksområda, mellom anna for å hindra attgroing, og det bør stimulerast til at utmarka framleis blir brukt til det formålet.

Menneskeleg aktivitet, til dømes landbruk, påverkar vasskvaliteten i nedbørsfeltet, og har ført til at tilførselen av nitrogen og fosfor er vesentleg større enn det som er naturleg. Tilfredsstillande vasskvalitet er viktig for biologisk mangfald, drikkevassforsyning og friluftsliv.

Norge er eit av dei landa i verda som har høgast konsentrasjon av radongass i innelufta. Dette skuldast m.a. dei geologiske og klimatiske forholda. Førekomsten av radongass er stor i Valdres. Dette gjeld òg Nord-Aurdal kommune. Radongass utgjer ein trussel mot helsa. Kommunen ønskjer at førekomsten av radongass i kommunen vert kartlagt, og vil halda fram med å leggja til rette for at dette kan finna stad både i offentlege og private bygningar. Nye tiltaksgrensar for når ein skal setta i gang tiltak for å redusera eksponeringa av radongass gir kommunen og innbyggerane store utfordringar. Kommunen må vera aktiv i rettleiing rundt byggeprosessar og i samband med utbetring av eksisterande bygg. Kommunen skal stilla nødvendige krav til at radonkonsentrasjonen i alle nye bygningar blir på eit lågnivå, og stimulera og oppmoda folk til å ta grep i høve til eksisterande bygningar.

I lys av ei berekraftig utvikling, er det eit uttalt mål å redusera bruken av privatbil, til fordel for kollektive alternativ. Kommunen vil leggja til rette for å utvikla kollektivtilbodet internt i kommunen og kollektivtilbodet for tilreisande. Ein vil stimulera til auka bruk av dei tilboda som alt finst. Satsing på auka bruk av kollektive transportmiddel er òg eit ledd i arbeidet med trafikktryggleik på både kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Kommunen ser det som verdifullt at alle grender og bygder framleis er levedyktige med fastbuande innbyggjarar, med aktivt næringsliv og levande lokalmiljø. Det er derfor ein grunnleggjande verdi i den framtidige planlegginga å leggja til rette for at både sentrum og grendene framleis blir gitt slike vilkår at folk på fritt grunnlag kan velja kor dei vil bu og busetta seg i kommunen.

Arbeid med samfunnstryggleik har som mål å skapa trygge og robuste lokalsamfunn, som ikkje utset menneske, materiell eller miljø for unødvendige farar og som kan handtera alvorlege påkjenningar. Plasseringa av nye byggeområde må vurderast grundig i høve til den auka faren for meir nedbør med muleg påfølgjande ras og flaum ein står overfor. Det vil bli stilt krav om at ev. konsekvensar skal vurderast og dokumenterast i samband med alt planarbeid og ved dispensasjonssøknader. Utbyggarar kan bli pålagt krav om kartlegging av grunnforhold som ein del av vurderinga.

Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø kan medverka til at ein betre forstår forholdet mellom fortid og framtid, mellom menneske og naturen, og mellom ulike kulturar. Det biologiske mangfaldet på stølsvidda er unikt, og kommunen har framleis ein del urørt natur. Det er ei utfordring å ta vare på kulturminne og kulturmiljø som viktige og uerstattelige kjelder til kunnskap om historia vår, for ettertida, men kommunen vil oppmoda og stimulera til at dette blir gjort ved alle tiltak. Kulturminne, kulturlandskap, stølsområde, Aurdalsbyen, historiske rom i Fagernes, by- og gardsbygg i kommunen skal sikrast og haldast i hevd". Det offentlege rom i byen skal ha høg kvalitet.

Kommunen vil som vertskapskommune for Valdres folkemuseum ha eit medvite forhold til aktiviteten og kompetansen her.

Universell utforming er eit nasjonalt satsingsområde og dreier seg m.a. om utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor grad som muleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming. Kommunen vil stilla krav om at det vert teke omsyn til dette ved all planlegging. Ved tidleg planlegging kan ein ofte redusera kostnaden til eit minimumsnivå. Ved planlegging og utforming for alle må ein leggja alle sine behov til grunn; svaksynte, personar med ulik etnisk bakgrunn, døve, barn, eldre osv. Omsynet til dei som av ulik årsak og av ulik grad har nedsett funksjonsevne, skal stå sentralt når kommunen planlegg og utformar framtidens samfunn.

Global oppvarming som følgje av menneskeskapt klimagassutslepp er den største miljøutfordringa verdsamfunnet står overfor. Dersom ein skal klara å løysa klimaproblema, må ein gjera *det der folk bur og arbeidar*.

Nord-Aurdal kommune ønskjer å vera med å redusera klimaproblema. Kommunen kan bidra både til å redusera utsleppa av klimagassar i landet og til å leggja om energibruken. Kommunen er planmyndigheit, reguleringsinstans og tilretteleggar. Gjennom dette har kommunen mulegheit til å utforma rammevilkår som ivaretek ei langsiktig endring mot eit meir berekraftig lokalsamfunn. Kommunen kan gjera vedtak som t.d. endrar utbyggings- og

transportmønster. Kommunen vil ta tak i dette når ein startar opp arbeidet med kommunedelplan for energi og klima.

Kommunen er i dag utførande myndigheit på fleire område vedr. vatn: landbruk, miljø, vatn og avløp, forureining m.m.

Rammedirektivet til EU for vatn er innlemma i EØS-avtala og gjeld for Norge. Direktivet har som hovudmål at me skal bli flinkare til å ta vare på og forbetra vasskvaliteten i vassdrag, grunnvatn og kystområde. For å få til dette må dei som forvaltar vassressursane samarbeida betre og på tvers av geografiske- og administrative grenser. Den nye vassforvaltninga tek utgangspunkt i heile vassdraget frå fjell til kyst. Målsettinga er at innan utgangen av 2015 så skal alle vassførekomstar ha god kjemisk og økologisk tilstand. Det var oppstartsmøte for ”Vannområde Valdres” 28.09.10. Det vil bli tilsett ein felles prosjektleiar for Valdres og Hallingdal

Dagens hushaldning og næringsliv produserer til dels store mengder avfall, og det fører med seg ei rekkje miljøproblem. Ein god del av avfallet kan me sjå som ein ressurs når det blir gjenvunne eller når energien blir utnytta. Det er innført kjeldesortering i Valdres.

→ *målsettingar*

- Fagernes skal vera “motoren” i utviklinga av Valdresregionen
- ta vare på friluftsområde i nærmiljøet og grønne korridorar frå utbyggingsområde til utmark
- hindra forureining av vassdrag og ivareta den verdien som vassdrag er for folk flest
- arbeida aktivt og målretta med førebyggjande arbeid slik at kommunen er best muleg rusta til å ta hand om situasjonar som kan oppstå som følge av klimaendringar
- ”lys i alle glas”, arbeida for ein meir tilgjengeleg bustadmarknad og utvikla kollektivtilbodet i grendene
- vera eit inkluderande samfunn med universell utforming av alle nye tenester og tilbod
- leggja til rette for kommunale bustadtomter nær regionsenteret
- inngrep og påverknader i vassdraga i kommunen som reduserer eller øydelegg mulegheitene for 1. reint drikkevatt med sikker og stabil forsyning, 2. næringsmessig bruk, t.d. naturbasert turisme (m.a. fisking), 3. friluftsliv og naturopplevingar skal reduserast til eit minimum

5.8 Ein Valdreskommune

Små og store kommunar har dei same oppgåvene som skal løysast og dei same krava å innfri. I debatten om framtidig kommunestruktur blir det stilt spørsmål om små og store kommunar har lik evne til å løysa dei same oppgåvene og om kommunane – uansett storleik – skal ha same ansvar og myndigheit.

→ *Primært:*

- Nord-Aurdal kommune skal leggest ned som eigen kommune, og inngå i Valdres kommune

Det langsiktige ønske- og arbeidsmålet til kommunen er at alle kommunane i Valdres vert samla til ein kommune.

I ein større kommune vert det muleg å tilby tenester som kvar av kommunane i dag er for små til. Det blir større fagmiljø som gjev betre tenester og betre service til innbyggerane. Dei administrative funksjonane kan effektiviserast vesentleg og pengane som då blir spart kan brukast til det beste for innbyggerane. Målet er å få ein kommune som blir ein sterkare aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. Ei kommunesamanslåing vil gje mindre sårbarheit, gjera det lettare å oppretthalda tenestenivået og imøtekoma stadig aukande krav til kommunale tenester.

Det er eit siktemål med ein storkommune å få ein meir kostnadseffektiv produksjon, og organisera virksomheita slik at service- og kvalitetsgraden blir opplevd som god av innbyggerane. Det er behov for å henta ut stordriftsfordelar på både administrasjon og tenesteproduksjon i løpet av dei første 10 åra. Ei effektivisering av administrasjonen og den auka inntektsramma (overføring frå staten) ein får dei første ti åra vil gjera det muleg å styrka prioriterte tenesteområde i høve til kva bemanninga vil bli om kvar kommune skal driva åleine.

Over tid vil det bli færre tilsette i leiing og administrasjon og kostnadane med dette blir redusert. Slik vil ein kunna få frigjort mest muleg ressursar til tenestetilbod for innbyggerane og ein trur at ein totalt sett kan tilby innbyggerane betre tenester ved ei slik løysing. Innsparingspotensialet på tenester kan vera vanskeleg å realisera fullt ut, fordi dette ofte inneber ei sentralisering eller større samlokalisering av tenester. Samtidig medfører frigjorte midlar at ein har ressursar til å ha ein del desentraliserte tenester.

Ein storkommune vil bli ein tydeleg samfunnsaktør som kan bidra til å skapa fleire arbeidsplassar ved å få nye og framtidsretta oppgåver. Slik vil ein kunna skapa ei levedyktig framtid og gjera Valdres sterkare. Valdres kommune blir synleg, slagkraftig og sterk dersom noverande kommunar slår seg saman. Kommunen vil framstå med større tyngde utad, arbeidsmarknaden vil fungera betre, og regionen vil bli meir attraktiv både som bustad og for næringslivet. Auka satsing på Valdres som merkenamn.

Det må leggest opp til ei arbeidsdeling som fører til auka politisk engasjement og vitalisering. Kanskje blir det meir attraktivt å vera politikar med ein storkommune? Det bør vera eit mål å gjera politikarrolla meir overordna, prinsipiell og strategisk. Dette er kanskje lettare å få til i ein større kommune? Ein trur at ein storkommune kan gje ei betre politisk styring og ein meir effektiv organisasjon enn den organiseringa ein har i dag.

Sjølv om ein samanslegen kommune vil bidra til færre representantar i folkevalde organ og lågare politisk representasjon, kan ei kommunesamanslåing verka stimulerande for lokaldemokratiet i den grad dette bidreg til auka økonomisk handlingsrom og betre mulegheiter for prioriteringar. Habilitetsspørsmål vil kunna bli lettare å handtera.

Eit godt lokaldemokrati kan vera avhengig av nærheit til innbyggjarane, at innbyggjarane identifiserer seg med kommunen og engasjerer seg i lokalpolitisk arbeid.

Det skal vera eit mål å oppretthalda tenestetilbod og kommunale arbeidsplassar ute i bygder og grender nær brukarane der dette er naturleg og økonomisk forsvarleg.

Det er vanskeleg å rekruttera fagfolk til små kommunar. Ved at det blir større, sterkare og meir interessante fagmiljø, samtidig som dei tilsette får fleire å drøfta vanskelege saker med, kan rekrutteringa til kommunale stillingar bli lettare. Miljøa blir mindre sårbare og det kan bli lettare å behalda gode fagfolk i større faglege miljø. Kommunen vil kunna bli ein attraktiv arbeidsgjevar ved å kunna tilby dei tilsette meir interessante og spesialiserte arbeidsoppgåver. Med større fagmiljø trur ein dessutan at dei kommunale tenestene kan bli endå betre. Større fagmiljø gjev høgare kompetanse, det blir lettare å unngå habilitetsutfordringar, sikra likebehandling og ivareta rettstryggleiken til folk.

Fagernes er, og skal vera, det naturlege senteret for ein ny storkommune. Ein storkommune vil medføra nye impulsar til byen Fagernes og gje eit sterkare regionsenter.

Mange opplever konsekvensane av samanslåing som usikre ”Ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får”. Ein ser at det kan vera argument som talar mot ei samanslåing, men Nord-Aurdal kommune meiner og trur at ei samanslåing vil vera til det beste for alle kommunane i Valdres, og vil arbeida for at ein storkommune, Valdres kommune, blir ein realitet så fort som muleg.

→ *målsettingar*

- meir kostnadseffektiv produksjon
- redusera driftskostnadene både politisk og administrativt
- bli ein tydeleg samfunnsaktør
- enklare å rekruttera nye medarbeidarar

→ *Subsidiært:*

- *arbeida for meir heilskapstenking i Valdres med Nord-Aurdal med regionsenteret Fagernes i førarsetet*

Samhandling innan tenesteyting saman med dei andre Valdreskommunane fører til betre styring, ein meir effektiv organisasjon, betre spisskompetanse og meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon. Samordning av ressursar i høve til Valdres natur- og kulturpark og Valdres destinasjon er viktig slik at ikkje jobbar blir gjort dobbelt.

6.0 FORSLAG TIL STRATEGIAR

- tydelig satsing på folkehelse i alle virksomheiter i kommunen,
- styrka samhandlinga mellom sektorane (offentleg/frivilleg/privat) om folkehelse, samfunnssikkerheit og beredskap.
- setta i gang kunnskapsbaserte intervensjonar

1. Barn og unge sine oppvekstvilkår

- styrka det tverrfaglege samarbeidet
- strengare kontroll med rusmiljø
- fokus på førebyggjande arbeid gjennom å ha eit mangfaldig tilbod der alle finn noko som passar til sine interesser
- arbeida aktivt for å hindra fråfallet frå skulen

2. Folkehelsearbeid, helse- og omsorgstenester

- arbeida for å vidareutvikla og leggja til rette for gode helsetilbod
- etablering/styrking av Valdres lokalmedisinsk senter i samarbeid med regionen og Sjukehuset Innlandet HF
- kommunale tenester til eldre - Helsetun
- helsefremjande arbeid og folkehelsearbeid
- leggja til rette for folkehelsearbeid som sektorovergripande satsingsområde
- folkehelseiltak som blir sett i gang bør vera forankra i ein kommunehelseprofil
- dreining av innsatsen frå behandling til helsefremmande og førebyggjande arbeid

3. Kulturtilbod

- leggja best muleg til rette for kulturskulen og frivillige organisasjonar

4. Næringsutvikling

- tilrettelegga (for) (sentrumsnære) næringsareal, infrastruktur og bustader
- arbeida for å få statlege arbeidsplassar hit
- sjå Fagernes/Leira som ein tettstad
- tilrettelegga for serveceretta industri

5. Infrastruktur

- tilpassa rutetider på Fagernes lufthamn Leirin til arbeidslivet
- halda oppe det politiske presset mot statlege og regionale styresmakter for å sikra utbygging av E16 og rv 33

6. Aktiv rekruttering

- målretta tiltak når det gjeld fagmiljø, løn, seniorpolitikk, gode kulturtilbod, bustadpolitikk
- alle medarbeidarar skal møtast med respekt

7. Natur og miljø, arealforvaltning

- all virksomheit i Nord-Aurdal skal utøvast i samsvar med prinsippa for berekraftig utvikling, ei samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for framtidige generasjonar, der aktivitetane i lokalsamfunnet skjer innanfor bereevna til naturen
- leggja til rette for kommunale bustadområde nær Fagernes
- tilrettelegga for leilegheiter i sentrum av Fagernes, bygga vidare på det urbane
- utarbeida/revidera beredskapsplanar for å ivareta innbyggjarar og tenester i krisesituasjonar
- kommunen har utarbeidd ROS-analyse som må brukast, denne vert gjennomgått årleg

- informasjon om og fokus på radon
- integrera folkehelsearbeidet i alle delar av kommunal planlegging og tenesteutøving
- integrera universell utforming i planlegginga til kommunen og tenesteutøving

8. Valdres kommune

Primært starta aktivitet for kommunesamanslåing.

Subsidiært arbeida for meir interkommunalt samarbeid:

- arbeid for å samla kommunale tenester i større einingar.
- så langt det er muleg å gje eit kommunalt tenestetilbod som òg er desentralisert
- sentralisering av tenester som det er fornuftig å sentralisera, sett i høve til brukarbehov/-ønskje og for å bygga opp kompetanse

7.0 PRIORITERING AV OPPGÅVER FOR PLANPERIODEN

Kostnadene med dei prioriterte oppgåvene må innarbeidast i budsjettet stegvis gjennom planperioden.

Samarbeid på tvers av virksomheiter i kommunen om folkehelse, samfunnssikkerheit og beredskap.

1. Oppvekstvilkåra til barn og unge

- ny skulestruktur; gode og opne omstillingsprosessar for å ivareta trygge oppvekstvilkår for barn og unge
- sikra medverknadsprosessar for barn og unge i planarbeid
- betre marknadsføring av eksisterande aktivitetar som alt finst i kommunen, samla opplysningar om alle tilbod på heimesida til kommunen
- gjennomføra hyppigare kontrollar på skjenke- og utsalsstadar m.o.t. aldersgrense
- støtta bedrifter økonomisk for å leggja til rette for fleire sommarjobbar for alle grupper av unge i alderen 13 år og oppover

2. Folkehelsearbeid, helse- og omsorgstenester

- vidareutvikling av Valdres lokalmedisinske senter
- eldreomsorg m.o.t. forventta auke i tal på eldre personar i åra framover
- bruk av omsorgstrappa for å sikra at innbyggjarane får tenester på riktig nivå
- oppstart av frisklivssentral

3. Kulturtilbod

- styrka kompetansen innan idrett i administrasjonen
- styrka og bygga ut kulturskulen, gjeld både lokale, utstyr og innhald
- styrka biblioteket som regionbibliotek

4. Næringsutvikling

- sikra næringsområde for nyetablering på både Fagernes og andre stader i kommunen
- sikra at dei ytre rammene for næringsetablering blir like for Fagernes og Leira
- kommunen vil vera med å ta initiativ til at det kan startast eit årleg etablerings-/tilflyttingsseminar (gründermesse) for Valdres på Fagernes
- gjennomføra ei marknadsundersøking/-analyse i forhold til potensielle bedrifter som det er muleg kan tenka seg å etablere seg i kommunen, oppfølging og stimulering overfor aktuelle bedrifter
- landbruksnæringa skal vidareutviklast i heile si breidd

5. Infrastruktur

- arbeida for eit fleksibelt kollektivtilbod (bestillingsruter)
- bybuss mellom Fagernes og Leira som går på elektrisitet

6. Aktiv rekruttering

- utvikla ein god seniorpolitikk
- offensiv marknadsføring av kommunen som ein attraktiv og interessant stad å arbeida

7. Natur og miljø, arealforvaltning

- synleggjera risiko- og fareelement (radon, rasfare, flaumfare osv.) betre i arealdelen til kommuneplanen (t.d. i form av temakart e.a.)
- sikra at beredskapsplanar er oppdaterte og tilgjengelege
- sikra at ROS-analyse til kommunen vert oppdatert og nytta i arbeidet
- gje innbyggjarane tilbod om radonmålingar, sikra at det òg vert målt radon i kommunale bygg
- starta eit prosjekt med siktemål at kulturminne i kommunen kan bli adoptert av klassar/idrettslag m.fl. for å skapa eigarforhold, ansvar og forståing for kulturminnevern
- innarbeida rutinar for å sikra folkehelse og universell utforming i alle planar og prosessar

8. Ein Valdreskommune

- arbeida aktivt for samanslåing av kommunar i Valdres til på sikt ein storkommune, Valdres kommune, med gode tilbod til innbyggjarane

8.0 EVALUERING AV MEDVERKNADSPROSESSAR

Medverknadsprosessane er omtala i planprogrammet.

Varsel om planoppstart

Kunngjering i lokalavisa, eigen invitasjon til statelege og fylkeskommunale instansar, div. organisasjonar og nabokommunar. Planprogram lagt ut til offentleg ettersyn samtidig.

Resultat: 4 merknader; NVE, fylkesmannen i Oppland, Oppland fylkeskommune, Statens vegvesen.

Eige skriv til

Elevråda ved dei 9 skulane (per 15.01.10) i kommunen (inkl. vidaregåande og folkehøgskulen) med kopi til barnerepresentanten i kommunen og rektorar, eldrerådet, kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, kvalifiseringssenteret og ungdomsrådet vart i eigne skriv oppmoda om særleg å koma med innspel til planarbeidet. I brevet vart dei særleg invitert til folkemøte 25.02.10, og det vart gjort greie for korleis møtet var tenkt organisert. Det vart òg opplyst om at ein ville ettersenda eit plannotat som var under utarbeiding.

I brevet vart det stilt ein del relevante spørsmål i høve til interessene til dei ulike gruppene, og dei vart invitert til å koma med innspel til dei. Gjeldande plan og godkjent planprogram for revisjonen av samfunnsdelen var lagt ved. Brevet forklarte og omtalte kva samfunnsdelen er.

Resultat: Eldrerådet har kome med innspel og det har kome innspel frå 2 barneskular og ungdomsskulen.

Folkemøte og plannotat

Kommunen arrangerte folkemøte om kommuneplanen 25.02.10 der 5 av dei 8 hovudtema i planen stod på agendaen. Det var avsett 2 timar x 2 (1800-2200) til kvart tema denne kvelden slik at ein enkeltperson til saman kunne vera med på 2 av tema, og at ein kunne møta anten 1800 og vera med på 2 tema eller 2000 og vera med på 1 tema. Til dei øvrige tema vart ein invitert til å koma med skriftlege innspel.

I forkant av folkemøtet vart det utarbeidd eit plannotat i formannskapet som grunnlag for diskusjonen denne kvelden. Plannotatet inviterer innbyggerane til å koma med svar på/innspel til ei rekke spørsmål i tilknytning til hovudtema i planen, strategival, verdigrunnlag og utfordringar. Plannotatet vart oversendt alle elevråd ved skulane i kommunen (inkl. vidaregåande og folkehøgskulen), kvalifiseringssenteret, ungdomsrådet, Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd og lagt ut på heimesida til kommunen. Kommunestyret hadde pressekonferanse om saken 18.02.10 med påfølgjande informasjon om møtet i lokalavisa, både annonse og reportasje.

Det var utarbeidd eigne spørsmål til kvart av tema basert på plannotatet og spørsmåla der samt nokre spørsmål/problemstillingar som alle gruppene skulle koma med innspel til.

Ein valde løysinga med temamøte ein kveld fordi ein erfaringsmessig hadde sett at grendemøte ikkje var ei brukbar løysing for å få dei innspela og det frammøtet ein ønskjer og treng. Ved forrige revisjon var det 6 grendemøte fordelt på 6 kveldar.

Resultat: Det møtte 7 stk på dei 20 timane som til saman var avsett til dei 5 tema denne kvelden. På tema 6. Natur og miljø; herunder arealbruk/-forvaltning, universell utforming, infrastruktur møtte ingen i løpet av dei 2x2 timane som var avsett. Det er ikkje grunn til å tru at det dårlege frammøtet skuldast møtedag eller –tidspunkt, sett i lys av at det i ein annan kommune møtte 60 stk på eit møte med eit heilt anna tema same kveld (iflg. reportasje i lokalavisa).

Lesarinnlegg i avisa etter møtet kan vitna om at folk ikkje har lese avisartiklane som lokalavisa hadde om møtet både i forkant og etterkant av møtet, og heller ikkje teke seg bryet med å sjekka kva som eigentleg var agendaen på møtet.

Etter folkemøtet

Ny annonse i lokalavisa for å prøva å få innspel med overskrifta ”Gir du blaffen? Har du det for godt til at du bryr deg? Er du interessert i utviklinga av kommunen?”

Resultat: Ingen innspel.

Offentleg ettersyn i 2 månader

Meir omfattande høyringsliste enn ved varsel om oppstart (fleire organisasjonar). Resultat: 7 merknader; Nordre Land kommune, Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, NVE, Nord-Aurdal musikkforum, Fylkesmannen i Oppland, Oppland fylkeskommune.

Bruk av heimesida

Alle annonsar har vist til dokument på heimesida, og det har under heile prosessen vore opning for å lett kunna koma med innspel der. Alle dokument i saken har lege lett tilgjengeleg på heimesida under heile planprosessen.

Konklusjon

Informasjons- og medverknadstiltaka som er omtala i planprogrammet er gjennomført. Totalt sett har kommunen brukt mykje tid og ressursar på å prøva å få folk interessert og engasjert, men fått liten respons. Innspela som har kome, har i det store og heile kome frå dei som ”må” uttala seg.

Erfaringsmessig veit ein at det er vanskeleg å få folk til å engasjera seg i ein planprosess som dette, det såg ein klart også ved forrige revisjon.

Konkrete forslag til andre måtar for medverknad enn dei som går fram av planprogrammet og i evalueringa her, og som er forsøkt andre plassar og har vist seg å vera vellukka, vil bli vurdert ved neste revisjon. Kommunen treng ikkje generelle råd om medverknad, kommunen treng konkrete forslag (som erfaringsmessig verkar) til korleis ein skal få folk til å engasjera.